



Nordhordland turlag

Referansar:

Dykkar:

Vår: 18/469 - 18/10379

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

28.06.2018

## Svar på søknad om midlar til integrering og inkludeirng

Viser til søknad datert 1. mars og tilleggsinformasjon datert 15. mai om tilskot til nærturleiarkurs.

Retningslinene for tilskotsordninga seier at «Lag og organisasjonar kan søkja om midlar til inkluderings- og integreringstiltak i Radøy kommune». Det er såleis eit krav at tiltaka som vert støtta skal gjennomførast i Radøy kommune.

Radøy kommune løyver difor kr 10 000 kroner til inkluderingsstiltak retta mot flyktningar og innvandrarar i form av nærturleiarkurs, turar og til innkjøp av naudsynt utstyr til gjennomføringa av kurs og turar. Det er eit krav at tiltaka skal gjennomførast i Radøy kommune, og at utstyret skal disponerast av Nordhordland turlag evt Nordhordland Røde Kors.

Midlane skal nyttast i løpet av 2018, og vert utbetalt etter at me har fått ein kort rapport om korleis dei er nytta og bilag tilsvarande ein sum minst så stort som tilskotet.

Med helsing

Anne Dahle Austrheim  
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar kultur

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Melding om rett til å klaga på eit forvaltningsvedtak

---

#### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

#### Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634



**RADØY**  
den grønne øya

**Mottakarar:**  
Nordhordland turlag